



Nytt framtidsretta studietilbod - «Teknologi i helse og omsorg»



Det er eit nasjonalt mål at omsorgsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i helse- og omsorgsektoren innan 2025. I lys av dette er det særst gledeleg å melde at Høgskulen på Vestlandet (HVL) frå hausten kan tilby etter- og vidareutdanninga [«Teknologi i helse og omsorg»](#) i Førde. Søknadsfristen er 15. april.



Studiet kan vere med å bidra til at ein kan utforske å utforske mulighetsrommet mellom helsefag, IKT, telemedisin, velferdsteknologi og medisinskteknisk utstyr. Det kan vere interessant å sjå nærare på korleis desse verktya kan implementerast i samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta, pasienten og kommunehelsetenesta.

Kanskje kan studiet vere med å bidra til at vi tar det neste steget på vegen mot nye framtidsretta, heilskaplege og brukarvenlege løysingar, der vi i Sogn og Fjordane med vår geografi og spredte busetnad, realiserer potensialet vårt i høve til å kunne bli nasjonale trendsettarar ved at vi leverer helsetenester på nye måtar.

Utviklar applikasjon («app») for menneske med kronisk lungesjukdom

Spesialfysioterapeut Elin Johnsen ved Seksjon for klinisk fysioterapi og førebygging har fått tildelt kr. 360 000 frå Helse Vest RHF sine Innovasjonsmidlar for sin prosjektidé knytt til å utvikle webapplikasjonen «Pust deg betre», som brukarane skal kunne laste ned på sin eigen mobiltelefon. På biletet ser vi Elin (til venstre) saman med seksjonsleiar Jocelyn Astbury (Foto: Irmelin Austefjord).



Målet med applikasjonen er at dei lungesjuka skal kunne ta i bruk ulike teknikkar som medverkar til at dei kjenner seg lettare i pusten, enten ved å drenere slim eller dempe kjensla av åndenød/tungpust. Med lettare pust og auka mestringskjensle tenker ein at pasientane vil kunne oppleve betre livskvalitet.

Verktyet skal vere enkelt å handtere, og inneha dei viktigaste og mest grunnleggande metodane pasienten sjølv kan gjennomføre for å løsne, flytte og fjerne slim, og dempe eventuell tungpust. I tillegg til at brukarane skal kunne lese om metodane, skal dei få eit verkty som visualiserer teknikkane dei skal utføre. Døme på dette kan vere gjennom små pedagogiske filmar og illustrerande animasjonar. Applikasjonen har òg til hensikt å trygge pårørande på korleis dei kan hjelpe den lungesjuka ved hjelp av pusteøvingar.

Dersom pasientane meir effektivt kan handtere eigne slimplager, kan dei redusere risikoen for infeksjonar, då ein veit at det er nært forbunde med mykje slim i luftvegane. Ved å unngå forverringar av lungesjukdommen kan funksjonsnivået vedlikehaldast, og behovet for sjukehusinnlegging reduserast.

Applikasjonen vil kunne vere eit nyttig verkty for kommunehelsetenesta både i møte med pasienten, og i høve fagleg oppdatering. Tanken er og at eit felles verkty kan bidra til at både forståing for behov, og behandling av denne pasientgruppa blir mest mogleg lik uavhengig av nivåa i helsetenestene. Dette kan potensielt medvirke til at pasientane kan få eit godt koordinert behandlingstilbod, og kjenne seg tryggare.

«Funksjonsvurdering på tvers»

Kommunane Flora og Førde har saman med Medisinsk Avdeling på Førde sentralsjukehus etablert eit samhandlingsprosjekt for å betre dialogen på tvers av helsetenestenivåa med fokus på funksjonen til pasientane/brukarane. Prosjektet har utspring i [Koordineringsrådet](#), og er basert på tilbakemeldingar frå mellom anna [Erfaringskonferansen](#).

Gjennom prosjektet ønsker ein å utarbeide eit felles funksjonvurderingsverktøy. Basert på kartlegging og dialog med tilsette både i kommunar og sjukehus, kom det fram at klinikanane hadde behov for skriftlege skildringar av funksjonsnivået (og ikkje referansar til talverdiar slik nokre andre verktøy har). Det er no utarbeidd sjekklister med bakgrunn av tilbakemeldingane knytt til informasjonsbehova. På biletet frå venstre frå Medisinsk Avdeling ser vi sjukepleiarstudent Birgitte Storetvedt, sjukepleiar June Terjedotter Sunde og fagutviklingsjukepleiar Marny Alice Solhaug Pettersen.



Foto: Anne Marte Søltnes

Med bakgrunn i ulike IKT - System og «dokumentasjonskulturen» i kommunane, har dei to deltakande kommunane valgt ulike tilnærmingar. Førde kommune har oppdatert alle pleieplanane sine, slik at dei lett kan leggast ved i ein innleggingsrapport. Flora kommune arbeider med å i større grad å kunne gi gode, konkrete og utfyllande skildringar av hjelpebehovet, og ikkje berre informere om at pasienten treng bistand. Sjukepleiarane på Medisinsk Avdeling har fått utdelt «lommekort» med sjekklister for kva som kan vere ønska informasjon både før pasienten skal reise, og i utskrivingsrapporten.

Tilbakemeldingane frå både sjukehuset og kommunane er svært positive. Margot Dvergsdal, Fagleiar i heimetenesta i Førde kommune, seier at: «*Det kjentes riktig og meir fagleg forsvarleg å sende ein innleggingsrapport når eg kan legge med ein oppdatert pleieplan, og ei god beskriving*» Også sjukepleiar, Linda Foss Bolstad, ved Medisinsk Avdeling er nøgd med sjekklister på lommekort: «*Eg synest korta er eit godt hjelpemiddel, særleg for meg som er relativt ny, då det gir ein god oversikt over kva som skal/burde vere med i ein utskrivingsrapport. I tillegg er kortet ganske lite, og lett å ha med seg i lomma*».

Prosjektmedarbeidarane vonar at sjekklisterne kan vere aktuelle å ta i bruk for fleire kommunar, og sjukehusavdelingar.

Regionale dagsamlingar knytt til «samhandlingsavvik»



Det er innført ei felles ordning for avvik og uønska hendingar i høve samhandling. [Koordineringsrådet](#) har bestemt at det skal gjennomførast dagsamlingar i kvar region annakvart år som eit ledd i implementeringa og evalueringa.

I april blir et derfor arrangert samlingar i [Nordfjord 10. april](#), [Indre Sogn 13. april](#) & [Sunnfjord og Ytre Sogn 17. april](#). Påmeldingsinformasjon og program finn du ved å klikke på lenka som er aktuell for deg.

Målgruppa er leiarar innan helse- og omsorg i kommunane, einingsleiarar/seksjonsleiarar i Helse Førde HF, tilsette som er engasjerte i samhandlingssaker og kvalitetsutviklingsarbeid både i kommunar og i helseføretak.